
Arkivkode:
Saksnummer: 2017/3682

Orienteringssak: **b**
Møte: 04. mai 2017

Rekneskapsrapport per mars 2017

Bakgrunn

Aktiviteten på grunntildelinga (GB) har vore lågare enn budsjettert per mars, men dei største avvika skuldast periodeavvik.

Innan bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) er det ein liten auke i aktiviteten og ein auke på 33 % på innbetalingane samanlikna med same periode i fjor. Aktiviteten har vore noko lågare enn periodisert budsjett for alle finansieringskjelder, medan innbetalingane har vore høgare enn budsjett samla og for alle finansieringskjelder unntatt NFR. Det er tidleg på året og fakultetet vel å halde prognosane lik årsbudsjett for både aktivitet og innbetalingar inntil vi har større erfaringar med utviklinga utover i budsjettåret.

Fakultetsdirektørens kommentar

Som tidlegare informert styrer fakultetet i utgangspunktet mot å gå i balanse i 2017, men av erfaring tenker vi at det er sannsynleg at det kan oppstå forseinkingar som kan medføre eit lite overføringsbehov. Fakultetet har difor lagt inn eit budsjettmål om å samla overføre 5 mill.kr til 2018. Det er imidlertid tidleg på året og denne målsetjinga kan måtte justerast etter kvart.

Fakultetsnivået (MN-felles) har med seg akkumulert underskot frå 2016, noko som gjer at fakultetet er avhengig av at institutta samla sett går med overskot i 2017, for å gå i balanse.

Vedtak

Fakultetsstyret tek økonomirapport per mars 2017 til orientering.

Bergen, 25. april 2017


Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Økonomirapport per mars 2017


Økonomirapport MN per mars 2017

1. Totaløkonomien ved fakultetet

Figur 1 Utvikling GB og BOA per mars 2011-2017




Figur 2 Utvikling BOA per mars 2011-2017



Figur 1 viser samla utvikling i inntekter til fakultetet per mars i perioden 2011-2017, medan figur 2 viser utvikling i inntekter på BOA per finansieringskjelde. Inntektene på GB har i snitt auka med 6,3 % årleg per mars i perioden 2011-2017, medan inntektene på BOA har hatt gjennomsnittleg årleg auke på 5,6 % i same periode. På årsbasis er gjennomsnittleg prosentvis årleg vekst i perioden 4,5 % for GB og 4,6 % BOA, når ein nyttar budsjetterte inntekter for 2017. Merk at det ikkje er tatt omsyn til inflasjon i utrekning av prosentvis vekst, og at realveksten altså er noko lågare. Som figur 2 viser, er BOA-aktiviteten per mars 2017 noko høgare enn i same periode i fjor, og det er EU og annan bidragsaktivitet som har auka.

Per mars 2017 kjem 38,6 % av inntektene til fakultetet frå BOA, mot 35,6 % på same tid i fjor.

Figur 3 Prosentvis fordeling kostnader GB og BOA per institutt per mars 2017



Figur 3 viser korleis kostnadane fordeler seg på GB og BOA per institutt. For dei fleste institutta er hovudvekta av aktiviteten finansiert av GB, medan ved Institutt for informatikk, Geofysisk institutt og Institutt for geovitenskap er i underkant av 50 % av aktiviteten finansiert av BOA.

2. Grunntildeling (GB)

Tabell 1 Grunntildeling (motpart 00) per mars 2017 (tal i 1000 kr)

Grunnbevilgning (mill.kr)	Prognose 2017	Årsbudsjett 2017	Budsjett pr mars 2017	Rekneskap pr mars 2017	Avvik pr mars 2017	Avvik %	Rekneskap mars 2016	Endring frå mars 2016
Inntekter frå KD		-634 326	-179 766	-179 764	-2	0,0 %	-172 467	4,2 %
Andre inntekter		-15 000	-777	-2 171	1 394	179,5 %	-2 519	-13,8 %
Inntekter		-649 326	-180 542	-181 935	1 393	0,8 %	-174 986	4,0 %
Investeringar		19 662	4 386	3 143	1 243	28,3 %	5 102	-38,4 %
Lønskostnader		491 719	132 117	129 212	2 905	2,2 %	126 044	2,5 %
Andre driftskostnader		118 576	14 140	10 235	3 905	27,6 %	9 466	8,1 %
Internhandel med meir		26 689	16 285	5 501	10 784	66,2 %	19 039	-71,1 %
Kostnader		656 645	166 929	148 091	18 838	11,3 %	159 651	-7,2 %
Driftsresultat		7 319	-13 614	-33 844	20 231		-15 335	
Saldo overført frå forrige år		-12 319	-12 319	-12 321	2		-9 556	
Saldo overført til neste periode	5 000	5 000	25 933	46 165	-20 233		24 891	
Sum		0	0	0	0		0	

Per mars er det eit positivt avvik på instituttinntekter på 1,4 mill.kr som fordeler seg mellom institutta. Avviket er størst ved Geofysisk institutt, Institutt for geovitenskap og Institutt for fysikk og teknologi. På inntektene frå KD er det ingen avvik.

Investeringskostnadene er per mars 1,2 mill.kr. lågare enn budsjettert, grunna periodeavvik. Avviket skriv seg hovudsakleg til Institutt for fysikk og teknologi og Institutt for geovitenskap. Ved Kjemisk institutt har investeringane vore høgare enn budsjettert.


Det er eit positivt lønsavvik på 2,9 mill.kr. Avviket fordeler seg mellom dei fleste institutta og er hovudsakleg knytt til rekrutteringsprosjektet, 720006. Avviket skuldast delvis høgare refusjonar av sjukepeng og foreldrepeng og delvis lågare lønsutgifter til rekrutteringsstillingane enn budsjettert.

På andre driftskostnader er det per mars eit positivt avvik på 3,9 mill.kr. Avviket fordeler seg mellom dei fleste institutta, med unntak av Geofysisk institutt og Institutt for geovitenskap som begge har mindre negative avvik. Det største positive avviket finn vi ved Institutt for biologi og er knytt til Senter for fremragende utdanning.

Det relativt store positive avviket på internhandel (ca. 10,8 mill.kr.) er hovudsakleg eit periodeavvik knytt til mellom anna stipendiatstillingar i farmasi som skal flyttast frå MN til MOF, overføring av Elektronmikroskopisk felleslaboratorium til Institutt for geovitenskap, samt at Senter for geobiologi har fått overført tilskot frå UiB sentralt tidlegare enn budsjettert. Vi forventar at avviket jamnar seg ut ila. første halvår 2017.

Figur 5 viser talet på faktiske stipendiat- og postdoktorårsverk per mars 2017 samanlikna med årets tildeling per institutt. Samla sett har fakultetet per mars ingen lediggang i rekrutteringsstillingar.

Figur 5 Rekrutteringsstillingar GB, faktiske årsverk per mars og tildeling 2017



På motpart 81 er det samla sett eit avvik på ca. 3,2 millionar kroner. Investeringane har per mars vore 8,2 mill.kr. Dette er 2,7 mill. kr. lågare enn budsjettert. Avviket fordel seg jamt mellom GB og BOA. Avskrivningane har derimot vore noko høgare – ca. 9,5 mill.kr mot budsjettert 9 mill. kr.

3. Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

Tabell 2 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mars 2017 (tal i 1000 kr)

Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet		Prognose 2017	Årsbudsjett 2017	Budsjett pr mars 2017	Rekneskap pr mars 2017	Avvik pr mars 2017	Avvik %	Rekneskap pr mars 2016	Endring frå mars 2016
Tilskot/Innbetalningar	Norges forskingsråd	-230 000	-230 000	-69 795	-67 305	-2 490	-3,6 %	-64 461	4,4 %
	EU	-40 000	-40 000	-7 522	-12 093	4 571	60,8 %	-6 414	88,5 %
	Andre bidrag	-85 000	-85 000	-16 730	-24 786	8 056	48,2 %	-7 781	218,6 %
	Oppdrag	-5 000	-5 000	-42	-524	482	1158,8 %	0	
	Sum	-360 000	-360 000	-94 089	-104 708	10 619	11,3 %	-78 656	33,1 %
Aktivitet/kostnader	Norges forskingsråd	230 000	230 000	56 887	54 566	2 320	4,1 %	58 133	-6,1 %
	EU	50 000	50 000	14 526	14 456	70	0,5 %	10 656	35,7 %
	Andre bidrag	100 000	100 000	25 765	23 279	2 486	9,6 %	18 386	26,6 %
	Oppdrag	5 000	5 000	1 674	980	694	41,4 %	948	3,4 %
	Sum	385 000	385 000	98 852	93 282	5 570	5,6 %	88 123	5,9 %
Saldo overført frå forrige år	Norges forskingsråd	7 254	7 254	7 254	7 254	0	0,0 %	4 408	64,6 %
	EU	-26 201	-26 201	-26 201	-26 201	0	0,0 %	-25 998	0,8 %
	Andre bidrag	-41 350	-41 350	-41 350	-41 350	0	0,0 %	-39 036	5,9 %
	Oppdrag	-5 442	-5 442	-5 442	-5 442	0	0,0 %	-7 078	-23,1 %
	Sum	-65 739	-65 739	-65 739	-65 739	0	0,0 %	-67 704	-2,9 %
Saldo overført til neste periode	Norges forskingsråd	-7 254	-7 254	5 654	5 485	170	-3,0 %	1 919	185,8 %
	EU	16 201	16 201	19 197	23 838	-4 641	-24,2 %	21 757	9,6 %
	Andre bidrag	26 350	26 350	32 315	42 857	-10 542	-32,6 %	28 430	50,7 %
	Oppdrag	5 442	5 442	3 809	4 985	-1 175	-30,9 %	6 131	-18,7 %
	Sum	40 739	40 739	60 976	77 165	-16 189	-26,5 %	58 237	32,5 %
Sum		0	0	0	0	0		0	

Det er tidleg på året og fakultetet vel å halde prognosane lik årsbudsjett for både aktivitet og innbetalingar inntil vi har større erfaringar med utviklinga utover i budsjettåret.

Fakultetet har for 2017 foreløpig budsjettert med at både aktivitet og innbetalingar vert noko redusert samanlikna med rekneskapen for 2016. Rekneskapsført aktivitet enda for 2016 på 388 millionar kroner, og fakultetet fekk innbetalingar frå BOA på 386 millionar kroner.


Tabell 2 viser at samla bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet er noko høgare enn mars 2016. Det har vore auke ved alle finansieringskjelder med unntak av NFR-bidragsaktivitet, der det har vore ein reduksjon på rundt 6 %. Aktiviteten per mars 2017 har likevel vore noko lågare enn budsjettert for alle finansieringskjelder, men i hovudsak ved NFR-bidragsaktivitet og annan-bidragsaktivitet. Dette skuldast noko lågare aktivitet enn budsjettert per mars.

Samla innbetalingar er per mars 26 mill.kr høgare enn i same periode i fjor, og 10,6 mill.kr høgare enn budsjettert. Innbetalingane har vore høgare enn budsjettert alle finansieringskjelder med unntak av NFR. Dette skuldast i hovudsak at fleire institutt har fått større innbetalingar tidlegare enn budsjettert, i tillegg til at Institutt for biologi har fått innbetalingar frå EU som ikkje var budsjettert med i år.

Tabell 3 BOA-aktivitet per institutt per mars 2017 (tal i 1000 kr)

Finansieringskilde	MN-felles	MI	II	IFT	KI	MBI	GFI	GEO	BIO	GEOBIO	Samla
1. Oppdragsaktivitet	0	0	2	0	403	27	18	178	353	0	980
2. NFR - bidragsaktivitet	0	3 996	9 002	9 053	3 098	3 611	7 420	7 692	9 780	914	54 566
3. EU - bidragsaktivitet	100	79	2 015	1 208	340	0	2 425	4 441	3 849	0	14 456
4. Annen bidragsaktivitet	659	1 054	3 820	2 648	1 141	1 195	1 114	7 683	3 964	0	23 279
Sum	759	5 130	14 839	12 909	4 982	4 833	10 976	19 995	17 946	914	93 282
Prosent av samla BOA	0,8 %	5,5 %	15,9 %	13,8 %	5,3 %	5,2 %	11,8 %	21,4 %	19,2 %	1,0 %	100,0 %

Figur 6 BOA-aktivitet per institutt per mars 2017 (tal i 1000 kr)



Tabell 3 og Figur 6 viser BOA-aktivitet per institutt per mars 2017. Samla aktivitet, Annen-bidragsaktivitet og EU-bidragsaktivitet har vore størst ved Institutt for Geovitenskap, medan NFR-bidragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi og oppdragsaktivitet har vore størst ved Kjemisk institutt.

Tabell 3 viser i tillegg fordelinga av BOA-aktivitet ved fakultetet. Det har per mars vore størst aktivitet ved Institutt for Geovitenskap, Institutt for biologi og Institutt for informatikk, og desse institutta stod per mars for 56,5 % av all BOA-aktivitet ved fakultetet.

4. Fakultet 19 – Senter for klimadynamikk (SKD)

Inntektene til SKD vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden på internartar. Eit eventuelt over- eller underforbruk vert dermed ikkje synleg i fakultetet sitt rekneskap, men avvik innanfor ulike kostnadskategoriar vil vere det.

SKD har hatt med seg ei større overføring frå oppstartsåret. Overføringa er gjennom åra vorte redusert, og ved utgangen av 2016 var den på 3,5 mill.kr. I utgangspunktet hadde SKD budsjettert med ei overføring til 2018 på 2 mill.kr, men etter ei budsjettendring er dette endra til ca. 1 mill.kr i budsjettert meirforbruk. Basert på tidlegare års erfaring melder likevel SKD om at dei ventar å gå i balanse ved årsslutt.

5. Vedlegg

5.1 Definisjonar og forklaringar

Grunntildeling (GB) er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB er delt inn i motpart 00 og 81:

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført. Føringane her har realøkonomiske konsekvensar for fakultetet, og midlane er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øymerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert andre inntekter, som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande), ført her.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her visast fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar, og det vert synleggjort om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar. Denne aktiviteten omfattar prosjekt der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen.